

Søknad

Søknadsnr.	2016-0174	Søknadsår	2016	Arkivsak	16/2958-16
Støtteordning	Rekruttering og kompetanseheving i landbruket - prosjektrekta tiltak og korte kurs 2016				
Prosjektnavn	Nye frukt- og bærkulturar - basisprosjekt				

Kort beskrivelse

Basisprosjektet "Nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane" er ei langsiktig satsing i fylket for å finne nye produksjonar som har potensial for lønsam kommersiell produksjon hos oss. Med utgangspunkt i resultat frå basisprosjektet er det generert fleire prosjekt med vidareutvikling av nye kulturar i fylket.

Prosjektbeskrivelse

Det er etablert eit langsiktig basisprosjekt for utvikling av nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane. Prosjektet omfattar desse elementa:

- Kontinuerleg søk etter potensielle nye kulturar gjennom litteratur, internett, kontaktnett, internasjonale fagmøte og studieturar.
- Kontinuerleg formidling av innsamla informasjon.
- Utarbeiding av rapportar om dei kulturane som vert tekne inn i prøving.
- Inntak av materiale, etablering og stell av prøvefelt / demonstrasjonshage.
- Kartlegging av eigenskapar hos materiale i prøvefelt og formidling av resultat frå prøvinga.
- Første vurdering av nye kulturar som produkt for direktekonsum, restaurantkjøkken og råvare for industri.
- Første vurdering av produksjonsøkonomi for lovande kulturar.

Basisprosjektet har sidan starten vore finanisert med midlar frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Njøs næringsutvikling AS Org.nr:991738150	Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	95734576
Kontakt- person	Stein Harald Hjeltnes	Njøs næringsutvikling AS Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	95734576
Prosjekt- leder	Dag Røen	Njøs næringsutvikling AS Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	97524065

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Basisprosjektet på nye frukt- og bærkulturar er sidan oppstarten blitt fullfinansiert gjennom støtte frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune (unntatt i 2015) og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Njøs næringsutvikling AS har ei rekke prosjekt der offentlege midlar inngår i finansiseringa.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sidan 2005 har det vore gjennomført ei satsing på nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane gjennom eit forprosjekt (2005) og eit basisprosjekt (2006-2015), finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I 2015 vart prosjektet fullfinansiert av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det vart søkt om fullfinansiering frå Fylkesmannen også i 2016, men retningsliner for UTM-midlar gjer at dei berre kan løyve 75% av total prosjektkostnad. Vi er gitt tilsagn om finansiering for 2016 frå Fylkesmannen under føresetnad av at vi får finansiert dei resterande 25% frå andre kjelder. For å kunne fortsette den kontinuerlege og langsiktige satsinga på utvikling av nye frukt- og bærkulturar for fylket, og for å oppnå full utteljing av dei prosjektmidlane som er sett inn i perioden 2005-2015, er det vesentleg at denne satsinga blir vidareført. Vi ser det som naturleg at det også vidare er Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som står for finansiering av prosjektet. Det er vanskeleg å finne andre finansieringskjelder som vil fokusere spesielt på utvikling av frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane, så den også framover skal dra nytte av dei konkurransefortrinn det inneber å vera i front på utvikling av nye frukt- og bærprodukt.

Prosjekt mål

Det overordna målet med prosjektet er å finne nye frukt- og bærkulturar med potensial for lønsam kommersiell produksjon i Sogn og Fjordane. Kulturar som gjennom basisprosjektet syner slikt potensial blir så søkt vidareutvikla i separate prosjekt.

Forankring

Prosjektet har sidan oppstart vore finansiert gjennom midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (BU-midlar).

Prosjektet høyrer naturleg inn under satsingsområde Næringsutvikling Landbruk hos Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Basisprosjektet (Nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane" er spesifikt omtalt som ei satsing på side 29 i Handlingsplan 2016 for Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane (link: <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMSF/Landbruk%20og%20mat/RBU%20Handlingsplan.pdf>).

Prosjektorganisering

Prosjektet bli gjennomført av Njøs næringsutvikling AS. Prosjektet blir leia av ei styringsgruppe som i 2015 bestod av Torbjørn Takle (Fylkesmannen, leiar), Rikard Lysne (dyrkar Lærdal), Olav J. Bøtun (dyrkar Fresvik), Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa. Det blir no vurdert ny samansetnad av styringsgruppa i 2016 ettersom Torbjørn Takle gjekk av med pensjon i 2015.

Samarbeidspartnere

Prosjektet samarbeider med dyrkarar, frukt- og bærnettverk, Norsk landbruksrådgiving, lokal konservesindustri, restaurantar og BAMA i direkte utprøving av kulturane og råvarer frå prøvinga.

Aktivitetar

I 2016 vil vi ha spesiell fokus på desse aktivitetane:

1. Kontinuerleg søk etter potensielle nye kulturar gjennom litteratur, internett, kontaktnett, internasjonale fagmøte og studieturar.
2. Oppsummering og formidling av resultat frå kulturar som har vore i prøving fram til no.
3. Vidareføring av kulturen blåleddved gjennom søknad om separat prosjekt.
4. Stell av prøvefelt og registreringar i desse.
5. Bruk av råvare frå prøvefelt for å teste ut potensielle marknader og bruksområde for dei ulike produkta (direktekonsum, restaurantkjøkken, bryggeri, konserverproducentar).
6. Berekningar av potensiell produksjonsøkonomi.

Målgrupper

Frukt- og bær dyrkarar (produsentar av råvare)

Frukt- og bærmottak (mottak og vidareending av råvare)

Konserverindustri og småskalaprodusentar (vidareforedling av råvare)

Grossistar for omsetnad av frukt og bær til friskkonsum (omsetnad av råvare)

Resultat

Konklusjonar om potensial for kommersiell dyrking av nye kulturar

Resultat og erfaringar frå prøving av nye kulturar i dyrking og av råvare hos konserverindustri, bryggeri, grossist friskkonsum og restaurantkjøkken.

Dyrkingsrettleiingar.

Spin-off prosjekt med satsing på spesielt lovande kulturar.

Effekter

På sikt: Dyrking av eit større spekter av frukt- og bærkulturar i Sogn og Fjordane som kan gje auka inntening og breiare produktspekter hos dyrkarar, frukt- og bærmottak, konserverindustri, bryggeri, småskalaprodusentar av saft og syltetøy, og omsetnadsledd. Tilgang til eit større spekter av norskprodusert frukt og bær for forbrukar.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Dette er eit langsiktig kontinuerleg prosjekt der det føregår aktivitet på alle aktivtetsområda (under) stort sett gjennom heile året over mange år. Det er derfor lite relevant å setje opp milepælplan for dette prosjektet.

1. Kontinuerleg søk etter potensielle nye kulturar gjennom litteratur, internett, kontaktnett, internasjonale fagmøte og studieturar.
2. Kontinuerleg formidling av innsamla informasjon.
3. Utarbeiding av grundige rapportar om dei kulturane som vert tekne inn i prøving.
4. Inntak av materiale, etablering og stell av prøvefelt / demonstrasjonshage.
5. Kartlegging av eigenskapar hos materiale i prøvefelt og formidling av resultat frå prøvinga.
6. Første vurdering av nye kulturar som produkt for direktekonsum, restaurantkjøkken og råvare for industri.
7. Første vurdering av produksjonsøkonomi hos lovande kulturar

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
---------------	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------	------------

Driftskostnader	20 000	20 000
Personal og indirekte kostnader	250 000	250 000
Reiser og møte	30 000	30 000
Sum kostnad	300 000	300 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	75 000					75 000
UTM-midler Fylkesmannen S&Fj	225 000					225 000
Sum finansiering	300 000					300 000

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har sett av 225.000 av UTM-midler for dette prosjektet i 2016 (e-post frå Bjørn Harald Haugsvær hos Fylkesmannen 25.04.16), men denne løyvinga er under føresetnad av at vi får på plass fullfinansiering av prosjektet ved løyving av 25 % av total prosjektkostnad frå andre finansieringskjelder.

Geografi

1417-Vik, 1418-Balestrand, 1419-Leikanger, 1420-Sogndal, 1421-Aurland, 1422-Lærdal, 1426-Luster, 1445-Gloppen, 1449-Stryn

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Årsrapport 2014.pdf	43 421	03.05.2016
Årsrapport 2015.pdf	194 230	03.05.2016